

Trist, Krf – veldig trist!

Svar til: Marit Elisebet Totland

Ser at Krf vel å gå laus på Miljøpartiet Dei Grøne sin ordførarkandidat fordi at han kritiserer kommunalsjefen for hennar rolle i ein del konkrete saker der gamle, funksjonshemma og pårørande har vore dei reelle offera.

Krf vel å framstille saka som om at det er kommunalsjefen som er offer. Og prøver å lære oss andre at ein ikkje skal ta opp viktige og graverande saker i avisene eller i kommunestyresalen.

Det er trist dersom det er viktigare for Krf å opptre politisk korrekt enn å sørgja for at dei innbyggjarane i kommunen som treng hjelp har eit akseptabelt og godt tilbod.

Kor var Krf då dei funksjonshemma trong deira støtte, då kommuneleiinga braut lovverket og skulda på KS?

Kor var Krf dei gongene pårørande til personar med nedsett funksjonsevne eller eldre har opplevd sanksjonar frå kommuneleiinga?

Kvifor er det slik at ”dei sterke” går ut i media og fortel oss at ”andre sterke” er offer? Medan det er heilt stille når dei som treng hjelp ikkje vert behandla som verdige menneske?

Det er veldig trist at Krf og andre som har styrt kommunen dei siste åra ikkje har klara å sikra at det alltid skal vera ein god dialog mellom dei som treng hjelp og dei som bestemmer kva hjelp som skal ytast. Dersom ein slik god dialog hadde vore implementert, hadde ingen saker hamna i avisa.

Miljøpartiet Dei Grøne vil ha ei endring. Det er di stemme som avgjer om politisk korrekthet er viktigare enn verdighet for dei eldre, og for personar med nedsett funksjonsevne.

Godt val!

Jostein Saghaug
3. kandidat
Miljøpartiet Dei Grøne